

# Kulturverntesta I Nordhordland

## Årsmelding 2013

---

Samfunnsoppdraget for KIN ligg først og fremst i å formidle kunnskap gjennom å yte frie tenester til private, frivillige organisasjonar og kommunal forvaltning i Nordhordland.

Utanom denne basisoppgåva har målet i 2013 m.a. vore knytt til formidling og engasjere seg i å finne fellesløysingar innan kulturminnevernet i regionen.

Det 3-årige KUP-prosjektet Senter for immateriell kulturarv (SIK) vart avslutta i 2013. Det er utarbeidd ein eigen rapport frå prosjektet med forslag til korleis prosjektet kan fylgjast opp.

Drift av KIN er ikkje fullfinansiert og avdelinga må difor kontinuerleg vurdere mogelege prosjekt og ekstra inntekter. I 2013 opna det seg mogelegheiter for internasjonalt samarbeide gjennom EØS-programma som vart lyst ut. Dette gir KIN m.a. rom for å vidareføre intensjonane i Sik prosjektet. Det har difor vore prioritert å etablere kontaktar og utvikle prosjektsamarbeide med Latvia, Slovenia og Romania. Dette har vore tidkrevjande og gjort at m.a. formidlingstiltak har vorte utsett. Samstundes opnar det også for at nye lokale tiltak kan gjennomførast som del av desse internasjonale prosjekta.

### Hovudmål for arbeidet i 2013 var fylgjande:

#### **Kontakt med kommunane/fast møtestad i Knarvik**

Det har vore gjennomført kontaktmøter med kommunane.

Ledige kontorlokaler i Knarvik har vore vurdert, men har ikkje vore tenlege. Det er framleis ynskjeleg med ei lokalisering i Knarvik dersom KIN kan få eit kontorfellesskap som gir gevinst i form av regional forankring, kontaktnett o.l.

**Vera lett tilgjengelege for dei som treng råd og rettleiing.** Nærleik til brukarane og fleksibilitet er viktige sider ved kulturverntenesta. KIN prøver å planlegge slik at ein til ei kvar tid er i stand til å rykke ut på kort varsel.

**Ha fokus på formidlingstiltak som kan samle og presentere regionen.** Det har vore produsert ein vandreutstilling dette året som er eit tilbod til regionen. Regionale formidlingstiltak på nettet vil verta knytt til arbeidet med dokumentasjonsplan som startar opp i 2014.

#### **Delta aktivt i vidareutvikling av kulturminnevernarbeidet i regionen**

HFK har i 2013 gitt kr.150 000 i støtte til regional dokumentasjonsplan. Arbeidet vert starta opp i januar 2014. Prosjektet har som mål å gi kunnskapsgrunnlag for å definere

behovet for eit felles magasin i regionen, samt drøfte alternative løysingar for drift. På lengre sikt skal det også utarbeidast ein strategi for dokumentasjon og innsamling av gjenstandsmateriale. KIN ser dette som eit sentralt viktig tiltak for å utarbeide ein felles strategi og finne felles løysingar for kulturminnearbeidet i regionen.

## Forvaltning av kulturarv

**Regional dokumentasjons- og innsamlingsplan.** Det er utarbeidd prosjektskisse og HFK har støtta prosjektet med 150 000. Arbeidet startar opp i januar 2014.

**Kulturminneplanar i kommune** held fram når kommunen har ledig kapasitet. Austrheim, Radøy og Meland står for tur.

**Vern og vidareføring levande kulturarv (SIK)**  
Mykje av KiN sine aktivitetar har vore knytt til SIK-prosjektet, slik som t.d. arbeidet med never og ull. Det føreligg eigen rapport frå prosjektet.

**Bruks- og vedlikehaldsplan Bogatunet/Syltastova.** I samarbeide med Radøy kommune er det utarbeidd bruks- og vedlikehaldsplan for Bogatunet og Syltastova. Dette skjer i samband med at Nord og Midthordland sogelag ynskjer å overføre eigarskapet for anlegga til Radøy kommune.

**Bygningsvern**  
Sætre har vore med på handsaming av søknadar til vern og vøl og til freda bygg (Statsmidlane) i Hordaland fylkeskommune, vøling av steinløe på Kartveit og planlegging av ny bruk av løe på Mjøs i Radøy. I Lindås har vi vore involvert i arbeidet med ombygging av

stove på Sellevold, påbygg hus Litleskardet, vøling av naust på Veland og istandsetting av huset til Aslaug Laastad Lygre. Konsultasjon i samband med overtaking hus frå 1920 på Osterøy. Rådgjeving og søknad i samband med ombygging av løe til ny bruk i Modalen. I juni var Sætre med på å lage plan for flytting, lagring og istandsetting av den gamle lensmannsstova på Sæbø i Radøy. Marcin Gladki laserscanna stova.

**Uteløer.** Sætre og Trond Oalann frå Hordaland Fylkeskommune har starta eit prosjekt i samarbeid med Sveinung Klyve frå Vaksdal der vi tek sikte på å redde/sette i stand nokre av dei få utløene som står att. Kriteriet for å gjere ein innsats på desse bygga er at dei ligg langs turstiar, sykkelveggar, fiskeelvar og at dei kan nyttast av folk til rast og/eller enkel overnatting. Vi har so langt fire slike løer i Mo og Eksingedalen. Prosjektet har overføringsverdi til andre delar av fylket.

## Formidling

**Vandreutstillinga «Kvardsagskvinner – kvinnekvardag»** vart produsert med støtte frå Hordaland fylkeskommune i samband med



Stemmerettsjubileet. Den vart vist i Ådnatun under kulturdagane og i Austrheim kommune hausten 2013. Det er laga enkle elevoppgåver som fylgjer utstillinga.

Kin har som mål å få ei regional løysing for nettbasert kulturhistorisk formidling. Dette arbeidet måtte utsetjast og vert teke opp i samband med dokumentasjonsplanen og arbeidet med Muho sine nettsider.

Eit planlagt samarbeide med Strilamuseet om undervisningstilbod måtte avlysast fordi Lindås sogelag måtte flytte samlingane sine dette året.

## Fornyng

### Lokale nettverk

Det er gjennomført kontaktmøter med kommunane. I utgangspunktet kulturleiar, ordførar og rådmann. Målet er å gjennomføre slike møter minst ein gong i året for gjensidig informasjonsutveksling og diskusjon om samarbeidsformer og tiltak.

KIN har også delteke på Kulturforum-møter med kulturleiarane frå regionen og det har vore eit møte med Kulturutvalet frå Regionrådet.

### Nasjonale museumsnettverk

Avdelinga er med i fylgjande nettverk; Handverksnettverk, Drakt og tekstil, Kystkultur.

Jordal har delteke på ei samling i Drakt og tekstil-nettverket og det vert planlagt eit dokumentasjons- og utviklingsprosjekt om Sild i samarbeide med Kystkulturnettverket.

### Internasjonalt arbeide

Sætre deltok på internasjonal **workshop i restaurering i Gaillon i Frankrike** i mai.

Gaillon, Frankrike saman med Atle Martinussen og Dennis Guhl. Tema for workshopen, som var initiert av kulturministeriet, var eit istandsettingsprosjekt på det eldste renessanselottet i Frankrike. Det var om lag 50 deltakarar frå 10 ulike land. Workshopen inneheldt og ein seminardel der MUHO var bidragsytarar

Jordal og Martinussen var i juni på **Island** for å fylgje opp kontaktar og mogeleg prosjektsamarbeide der. Det har også vore utarbeidd søknad m.a. for å finansiere Norsk –islandsk samarbeide, men prosjektet har ikkje fått støtte.

Jordal har delteke på fleire møter om EØS-programma som vart lansert i 2013. Dette opna for mange mogelegheiter for å fylgje opp intensjonane i SIK prosjektet og for å etablere internasjonalt samarbeide for lokale prosjekt i regionen.

Jordal har delteke på partnarkonferansar i Riga og Bucurest. Det er utarbeidd to prosjektsøknadar i Latvia, med byen Ludza og Etnografisk Museum i Riga og ein i samarbeide med landsbyen Cerknica i Slovenia. Ved årsskiftet har KIN også tre mogelege prosjektpartnerar som vert fylgde opp i Romania. Reiser er finansiert gjennom EØS-programma og med Sik-midlar.

### Kompetansetiltak

Jordal har gjennomført del II av studiet **Tekstilkultur** på Vestnorsk Kulturakademi med semesteroppgåve om tradisjonell tekstilkunnskap i eit berekraftig perspektiv.

Deltok også på vevkurs Osterøy museum, hausten 2013.

Sætre har gjennomført tredagars kurs i **Revit architecture** ved Cad – partner i Bergen.

### Forslag til organisering av handverkaropplæring i Hordaland.

MuHo v. Sætre og Martinussen har på oppdrag frå HFK v/fylkeskonservatoren utarbeidd forslag til løysingar for å få til eit opplæringstilbod i heile fylket til både

museumshandverkarar, private og næringslivet innanfor feltet bygningsvern og tradisjonelle handverksteknikkar.

## Forskning

### Dendrokronologisk datering av bygningar

I Hordaland er det kring 400 freda bygg og i underkant av 50000 SEFRAK registrerte objekt dvs verneverdige bygg eldre enn 1900. Mellom dei mange SEFRAK objekta kjenner vi til at det er fleire av desse som truleg fell inn under kategorien automatisk freda då dei er eldre enn 1650.

Den dendrokronologiske datering skal i første rekke freiste å stadfeste alderen på bygg som kan vere automatisk freda. Dette materialet gjev eit unikt grunnlag for forskning på eldre byggjemåtar i Hordaland. Det har allereie kome fram viktig kunnskap ut frå dei dateringane som er gjort til no.

I samarbeid med Trond Oalann og automasjonsmekanikar er vi gang med å utvikle verktøy for betre dendrokronologiske prøver. Første prøveboring hadde vi i Larsaløa på Havrå 15 mai. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune er det gjennomført undersøkingar i fleire kommunar i Hardanger og Sunnhordland

## Fellesskap

KIN er engasjerte i arbeidet internt i Muho, gjennom fellesprosjekt i faggrupper og tillitsvern i organisasjonen. Både Jordal og Sætre er leiarar for faggrupper.

Jordal deltek også i Tekstilprosjektet ved Osterøy Museum.

I tillegg er Jordal stedfortredar for direktør og Sætre har fram til årsskiftet vore hovudverneombod.

I 2013 har tilsette deltek på fellesdagar og tur til Berlin.

## Økonomi

Drifta ved KIN er ikkje fullfinansiert gjennom faste tilskot. Det må difor heile tida arbeidast for å få inn prosjektmidlar. (Underskot på ca kr 130 000 for 2013 utan prosjektmidlar)

Tilgangen på prosjektmidlar varierer med aktivitet og tilgang på tilskot. Ved årsskiftet har ein ikkje alltid oversikt over kva midlar som kan kome inn komande år og det er difor naudsynt å ha ein eigenkapital som kan dekke underskot dei åra søknadar ikkje når fram og får tilskot.

Rekneskapen for 2013 syner eit overskot på kr. 115 504. Overskotet er knytt til større prosjektilskot enn forventa ved årsskiftet og vert avsett til eigenkapital.

# ÅDNATUN

## 2013

Det viktigaste tiltaket i Ådnatun dette året har vore gjennomføring av ROS-analyse og utarbeiding av sikringsplan for anlegget. Dette har gitt grunnlag for vidare prioriteringar av arbeidet.

ROS analysa viste store oppgåver innan vedlikehald og sikring og i samråd med direktør og styre i Muho valde ein å prioritere desse oppgåvene i ein 3-5 års periode, framføre formidlingsaktiviteter.

Då konsulent Sissel Småland slutta i stillinga i Ådnatun i august vart Ingrid Haugrønning engasjert i perioden 1.9.13-1.7.14 for å fylgje opp samarbeidet med barnehagen og husflidslaget. Det vert søkt om prosjektmidlar til formidling, elles vert dette ikkje prioritert den komande perioden.

Heller ikkje inneverande år har tilskotet vorte auka. Det er tilsaman kr 225 000 i tilskot frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, til drifta.

Rekneskapen for 2013 er gjort opp med eit overskot på kr.

På grunnlag av erfaringane frå 2012, med svært lite besøk på dei opne søndagane i sommarsesongen, vart ikkje halde ope sommaren 2013. Det vart lagt til rette for faste arrangement og tilbod til faste grupper i samarbeide med dei frivillige; kultur dagar, handarbeidstreff, samarbeidet med Bogane barnehage og støtte til 5-klasse tilbodet.

Det har vore møter med styret i sogelaget for å orientere om årsplanar og drift og Jordal orienterte på årsmøtet i Arna sogelag.

## Samlingsforvaltning

Muho har etter søknad motteke kr 60 000 frå Norsk kulturråd til å utarbeide sikringsplan i Ådnatun. Arbeidet vart gjennomført i august –september med ROS-analyse og gjennomgang av anlegg og aktiviteter. Frå tidlegare var det gjort vurdering av brannsikring og tilstandsvurdring av el-anlegg. I sikringsplanen er det prioritert tiltak som er lagt inn i årsplan for 2014. Det er også søkt om tilskot til vidare sikringstiltak.

## Formidling

Bakekurs vart arrangert over fleire kurskveldar i januar i samarbeide med det lokale kvinne og familielaget.

Handarbeidstreff: I samarbeide med Arna husflidslag har det vore arrangert handarbeidstreff ein gong i månaden. Det har vore eit snitt på 15 personar kvar gong. Samarbeide med Bogane barnehage har halde fram med faste besøk i tunet og produksjon av filmen om Bukkane Bruse. Den hadde premiære under kulturdagane i april.



Filmen om Bukkane Bruse er tilgjengeleg på [www.muho.no](http://www.muho.no)

Kulturdagane i Arna vart arrangert siste veka i april og programmet i Ådnatun var eit samarbeide mellom Muho, Arna sogelag og Arna husflidslag. Muho var ansvarleg for utstilling med broderi og utstillinga

«Kvardagskvinner-kvinnekvardag» , samt  
filmpremiære.

Fagkonferanse – sosialantropologi: Sissel  
Småland deltok på konferansen i Tromsø 3-  
5.5., med innlegg.

Arna sogelag er i samarbeide med andre  
frivillige org ansvarlege for  
formidlingsopplegg til alle 5 klassingane i  
Arna. Dette vart gjennomført dei siste  
vekene i mars. Muho er med å finansiere  
tilbodet.

Sogelaget har også arrangert fleire  
kulturkafear med ulike foredrag.

Det vart hausten 2013 søkt om  
prosjektmidlar frå Den kulturelle  
spaserstokken for å utvikle eit tilbod til  
demente. Prosjektet har fått støtte og vert  
gjennomført i 2014.

Våren 2013 vart det laga ei digital  
forteljing om mattradisjonar i Arna.

